



Arkivnr: 2014/24253-57

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		02.06.2015
Fylkesutvalet		18.06.2015

**Jubileumsgåve til Kunsthuset Kabuso - tilskot til flygel****Samandrag**

Hardanger og Voss museum v/ Kunsthuset Kabuso søker Hordaland Fylkeskommune om tilskot til nytt flygel, i høve 10-årsjubileet til kunsthuset i 2016. I høve jubileet er det sett i gang ei kronerulling for å få eit eige flygel. Det er planlagt kjøp av eit Steinwayflyget modell B-211, som skal vere riktig dimensjonert for salen og utøvarane sine behov. Flygelet vil koste 1 million, og med diverse utgifter som frakt ol. ligg totalbudsjettet på 1 115 000 kroner.

Kabuso vart skipa i 2006 som Hordaland fylke sin Tusenårsstad, og bygd av Hordaland fylkeskommune. Frå 2008 vart den faglege drifta overført til Hardanger og Voss museum. Hardanger, med nasjonalromantikken, vart vald til tusenårsstad i Hordaland, og Kunsthuset Kabuso vart konkretiseringa av dette. Kabuso skal formidle visuell kunst og musikk av høg kvalitet. Kabuso byr på skiftande utstillingar av høg kunstnarisk kvalitet, både innan eldre kunst og samtidskunst. Det skal ligge til rette for at musikken som vert presentert kan ha like høg kvalitet som den visuelle kunsten. Kabuso har ein av dei beste konsertsalane for akustisk musikk, men denne kammermusikkalen har ikkje eige flygel. Dette har vore leigd på årsbasis.

Det er viktig for Hordaland sin tusenårsstad at det er eit godt flygel i denne salen som er spesialbygd for m.a. piano / flygelmusikk. Salen vert brukt av både lokale krefter og andre profesjonelle aktørar. M.a. har Kabuso samarbeid med Edvard Grieg museum Troldhaugen og Vestnorsk Jazzsenter. Hordaland fylkeskommune har her eit særskild ansvar då ein har etablert staden, og hatt det finansielle hovudansvaret for bygginga. Eit monaleg tilskot til flygel ville vere ei fin jubileumsgåve.

Fylkesrådmannen tilrar difor ei flygelgåve på kr 500 000 i høve 10-årsjubileet til kunsthuset Kabuso. Gåva dekkes inn og belastas fylkesutvalets tilleggsloyvingskonto.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet løyver kr 500 000 i jubileumsgåve - flygel til Kabuso. Gåva dekkes inn og belastas fylkesutvalets tilleggsloyvingskonto.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 20.05.2015

Hardanger og Voss museum v/ Kunsthuset Kabuso søker Hordaland Fylkeskommune om tilskot til nytt flygel, i høve 10-årsjubileet til kunsthuset i 2016.

Kabuso er Hordaland fylke sin tusenårsstad og opna i 2006. Hordaland fylkeskommune har hatt hovudansvaret for bygginga av kunstsenteret. Om føremålet med Kabuso står det:

"Det konkrete uttrykket for Hardanger som tusenårsstaden i Hordaland skal manifestera i eit kunst- og kultursenter i Øystese, som med bakgrunn i fortida skal speglar samtid og vera ein møteplass for alle. Tusenårsstaden skal vera eit senter der kunst- og kulturytringar vert formidla på eit profesjonelt nivå, og der kunsten kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda ute."

Frå 2008 vart den faglege drifta overført til Hardanger og Voss museum.

Kabuso har ein av dei beste konsertsalane for akustisk musikk, men denne kammermusikksalen har ikkje eige flygel. Dette har vore leigd på årsbasis. Kabuso ligg like ved Ingebrigt Vik museum i sentrum av Øystese i Kvam, Hardanger. Hardanger, med nasjonalromantikken, vart vald til tusenårsstad i Hordaland, og Kunsthuset Kabuso vart konkretiseringa av dette. Hordaland har ikkje hatt eit hus av slikt format for kunst, utanom i Bergen, tidlegare. Kabuso byr på skiftande utstillingar av høg kunstnarisk kvalitet, både innan eldre kunst og samtidskunst. Her kan du oppleva ulike former for kunst, frå verk av til dømes J.C. Dahl og Harriet Backer, til Damien Hirst og Candice Breitz.

Gjennom Kabuso sin kammermusikksal skal ein kunne formidle musikk av like høg kvalitet som den visuelle kunsten som vert vist på huset. Kabuso hadde i 2014 publikumsrekord med 11 000 besøkande, ei auke på omlag 46 prosent frå året før. Musikksalen har utmerka akustikk og plass til 150 tilhøyrarar. Her vert det skipa til konserter og andre arrangement gjennom heile året. Til no har det vore leigd flygel i denne salen, og ein ønskjer no å kjøpe inn eige flygel til 10-årsjubileet.

I høve 10-årsjubileet er det sett i gang ei kronerulling for å få eit eige flygel. Det er planlagt kjøp av eit Steinwayflyget modell B-211, som skal vere riktig dimensjonert for salen og utøvarane sine behov. Det er etablert ein «flygelkomite» som jobbar med kronerullinga på dugnad.

Det arbeidast med finansiering gjennom Kvam Herad, Norsk kulturråd – Musikkutstysrsordningen og Sparebankstiftelsen SR-bank. Det er i tillegg «sal av tangentar», på dugnad. Flygelet vil koste 1 million, og med diverse utgifter som frakt ol. ligg totalbudsjettet på 1 115 000 kroner. Om kronerullinga kjem i havn vil det vert ein storstilt jubileumskonsert der flygelet vert innvia av Leif Ove Andsnes i starten på 2016.

Det er viktig for Hordaland sin tusenårsstad at det er eit godt flygel i denne salen som er spesialbygd for m.a. piano / flygelmusikk. Salen vert brukt av både lokale krefter og andre profesjonelle aktørar. M.a. har Kabuso samarbeid med Edvard Grieg museum Troldhaugen og Vestnorsk Jazzsenter. Det har m.a. vore deltagarar i Edvard Grieg internasjonale pianokonkurranse som har hatt konsert i Kabuso. Hordaland fylkeskommune har her eit særskild ansvar då ein har etablert staden, og eit monaleg tilskot til flygel ville vere ei fin jubileumsgåve.

### **Meir om tusenårsstadene**

Tusenårsstad er ein stad som ein kommune eller en fylkeskommune peika ut for å markere overgangen til 2000-tallet. Utgangspunktet for Kultur- og kirkedepartementet, som sto bak ideen om tusenårsstadene, var at det skulle vere ein tusenårssted i kvart fylke, og at desse skulle vere på plass innan år 2005. Tusenårsstaden skulle også sjåast i samanheng med hundreårsfeiringa for unionsoppløysinga i 1905. Retningslinjene for utveljinga av fylkestusenårsstedane vart fastsatt av Kultur- og kirkedepartementet og det vart også gitt statlig støtte til tusenårsstedane.

Målet for fylkestusenårsstedane er å bidra til at anlegg, institusjonar, kulturmiljø, naturområder m.v. av stor historisk, kulturell og miljømessig verdi blir tatt vare på og markert på en særskild måte.

Tusenårsstadane skal ha nasjonal kulturell og miljømessig tyding som peiker ut over det enkelte fylke, og det var eit vilkår for fylkestusenårsstadene at desse skulle ha noe ved seg som har tyding for heile nasjonen. Tusenårsstadane skulle markerast ved eit fysisk tiltak, som for eksempel minneplate, skulptur eller bygnad. Andre markeringar kunne vere aktiviteter og arrangement.